

RANDABERG KIRKELIGE FELLESRÅD

PROTOKOLL

Styre, råd, utval:	Møtestad:	Møtedato:	Arkiv FR
Randaberg	Grødem	tysdag	
kirkelige fellesråd		02.09.-2025 Kl.	Møte nr. 04/2025
		17.00	
		OBS! Merk tida	

Desse møtte:

Repr. Gr. Menighetsråd	: Jakob Nærheim
Repr. Rb. Menighetsråd	: Bjørg Sivertsen Lauvsnes
Repr. valgt av kommunen	: Jarle Bø
Repr. valgt av biskop	: Eivind Kråvik - fast medlem fram til
31.des.25	
1. vararepr. Rb. MR	: Erling Tokheim

Forfall:

Repr. Gr. Menighetsråd	: Ann-Christin H Hjelleset
Repr. Rb. Menighetsråd	: Herbjørn Vestvik

SAKLISTE:

FR sak 31/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste.....	1
FR sak 32/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 27.05.2025	2
FR sak 33/2025 Økonomiforvaltning	2
FR sak 34/2025 Oppdatering av prisar på nettsidene våre	2
FR sak 35/2025 Endringar av oppgåver i organisasjonen	3
FR sak 36/2025 Namna minnelund, Grødem	4
FR sak 37/2025 Kjøp av "Nye Landbruken"	4
FR sak 38/2025 Orienteringar.....	5
FR sak 39/2025 Eventuelt.....	5

Jakob Nærheim
Fellesrådsleiar

Solveig Mjølshes Hatletvedt
Kyrkjeverje

FR sak 31/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og saksliste blir godkjent.

Saka gjeld:

Godkjenning av møteinnkallinga og saklista.

Saker til eventuelt må meldast i starten av møtet.

Vedtak: Innkalling og saklista blei godkjent

FR sak 32/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 27.05.2025

Forslag til vedtak:

Møteprotokoll frå fellesrådsmøtet 27.05.2025 blir godkjent. Protokollen ligg ved.

Saka gjeld:

Godkjenning av siste protokoll

Saksbehandling: Det må stå i protokollen kven som er tilstade på møtet.

Vedtak: Møteprotokollen blei vedtatt med ein kommentar om at det må komma tydeleg fram kven som er tilstade på møtet.

FR sak 33/2025 Økonomiforvaltning

Forslag til vedtak: Økonomirapporten for jan-juni 2025 blir tatt til orientering

Vedtak: Saka blir utsett til neste møte

FR sak 34/2025 Oppdatering av prisar på nettsidene våre

Forslag til vedtak: Nytt forslag til oppdatering for vigsler:

Endringane blir gjort gjeldande frå 05.09.2025

“Priser på vielse i Randabergkirkene

Vi skiller mellom interne og eksterne vielser.

Intern vielse: En eller begge er medlem i den norske kirke eller har tilknytning til Randaberg kommune (en eller begge bor i/vokst opp i eller annen tilknytning til Randaberg kommune)

Ekstern vielse: Ingen av brudeparet er medlem i Den norske kirke eller brudeparet har ingen tilknytning til Randaberg kommune.

NB! Ved bruk av egen prest/pastor som ikke tilhører Den norske kirke regnes den som ekstern.

Intern vielse: kr 0. Ekstern vielse: kr 4000

Alle vielsene i kirken har inkl prest, kirketjerner og organist.

MERK: Dersom man velger sang og musikk som fører til ekstra øving for organisten, tilkommer det en ekstra kostnad på kr 1000. “

Vedtak: Saka blir utsett til neste møte

FR sak 35/2025 Endringar av oppgåver i organisasjonen

Forslag til vedtak :

Randaberg menighet får ein dagleg leiar i 80%. Stillinga som dagleg leiar blir ikkje lyst ut. Kyrkjevevja får det daglege ansvar for personalet i Randaberg. Dagleg leiar i Grødem blir gjort om til assisterande kyrkjevevje. Den midlertidige stillinga på 80% blir lyst ut som Menighetspedagog/ Menighetsarbeider 80% fast stilling.

Kyrkjevevja forslår følgande oppgåver for stabane:

Namn;	Tittel	Prosent	Oppgåver	Diverse
Solveig Mjøltnes Hatletvedt	Kyrkjevevje	100	Oveordna ansvar for personal , dagleg ansvar for i Randaberg menighet, bygg, økonomi, gravferdsforvaltning	
Stine S Staalesen	Assisterande kyrkjevevje og dagleg leiar i Grødem	100	Dagleg leiar for Grødem menighet, økonomiansvarleg for begge menighetene og i saman med dagleg leiar i Randaberg ansvar for overordna strategi	
Ingrid A Waage	Dagleg leiar i Randaberg	100	Leie menighetsarbeidet og dagleg drift i Randaberg. PR og kommunikasjon, påmeldingar på begge menighetene (40%), Frivillighetskordinator (20%), Prosteseekretær (20%), Familiearbeider (20%)	
Berit Knoph Bø	Gravlundsarbeidar og kyrkjetenar	100	Arbeid på gravlundene i begge menighetene, inkl gravferdsforvaltning. Diverse arbeid i Randaberg og utleige av begge kyrkjene,(80%), kyrkjetenar (20%)	
Reidun Goa	Menighetsarbeidar	100	Kyrkjeleg undervisning og læring (80%), frivillighetskordinator, (20%)	50%sjukemeld
Katrine I Gilje	Diakon	80	Diakoni på tvers	Pleiepengar
Ingeborg Voll	Diakonimedarbeidar	80	Diakoni på tvers (60%), barne-og ungdomsarbeidar (20%)	
Margrete Beksrud	Menighetspedagog	60	Overordna ansvar for kyrkjeleg undervisning og læring på tvers av menighetene og arbeid med felles ungdomsarbeid	
Hjørdis Lund	Konsulent (del av dagleg leiar)	10	Ansvar for frivillighet ved gudstenestar i Randaberg	
Stefka Zlateva	Reinhaldar	70	Reinhald av kyrkjene, kyrkjekontor og kyrkjestova	
Tor Kjetil Espedal	Menighetsmusikar	70	Organist på gudstenester, gravferd og vigslar, og vera ein støttespelar for kor og musikkarbeid i begge menighetene	
Kristian Lie-Bjelland	Menighetsmusikar	40	Organist ved gudstenester, ansvar for musikk i kyrkja elles i Grødem	30% permisjon
Johanna Tangeland	Menighetsarbeidar	80	Kirkelig undervisning og læring på tvers, ungdom (40%), barn og familie (40%)	midlertidig fram til nyttår 2025-må bli fast

Barbra N Skofteland	Diakonimedarbeidar	100 Diakoni på tvers, ungdomsdiakon	vikariat 15/8-25- 30/6-26
	Vaktmeister	30	Bruker innleige

Saksbehandling: FR ønsker endå meir felles arbeid og ønsker mest mogleg utadretta arbeid. Budsjettet til FR er ikkje er så stort og i forslaget går det framleis mykje løn til administrasjon. Ein må framover sjå på kor ein kan spare både ressursar og administrasjon. Kommunen ser at det er det er 10,1 årsverk i RKF og det er tre leiarstillingar. Når innsparing står på, kan ingen skjermast. RKF er framleis administrasjonstungt

FR har felles konfirmantarbeid og det er veldig bra. Dette kan vera starten på meir felles arbeid. Det er viktig med ein dagleg leiar som er tilstade kvar dag.

Det er vanskeleg med endringar og ein møter stor motstand. I forslaget er det lite samordning av ressursar og lite innsparing. Likevel vil det vera viktig å komma fram til eit vedtak, slik at ein kan ha arbeidsro i stabane.

Vedtak: Randaberg menighet får ein dagleg leiar i 80%. Stillinga som dagleg leiar blir ikkje lyst ut. Kyrkjevevja får det daglege ansvar for personalet i Randaberg. Dagleg leiar i Grødem blir gjort om til assisterande kyrkjevevje. Den midlertidige stillinga på 80% blir lyst ut som Menighetspedagog/ Menighetsarbeider 80% fast stilling.

FR sak 36/2025 Namna minnelund, Grødem

Forslag til vedtak: Fellesrådet tar orienteringa til etterretning og ber kyrkjevevja om å utgreie saka vidare.

Vedtak: Saka blir utsett til neste møte

FR sak 37/2025 Kjøp av “Nye Landbruken”

Forslag til vedtak: Fellesrådet er positive til arbeidet som er gjort av ei gruppe i Randaberg menighet. Likevel er det vanskeleg for RKF binda seg til noko som framleis er uklart. Ein må komma tilbake med sak når det foreligg eit konkret forslag med både intensjonsavtale og pris på bygget.

Saksbehandling: Alv Solheim og Brigt Bø orienterte om prosjektet. Prosjektet er ein kombimodell for menighetshus og menighetskontorer. “Landbruken” ligg veldig sentralt i Randaberg og den ligg på bakkeplan,

Private lån har ikkje sikkerhet i bygget, slik banken har. Bør ein bruke meir av eksisterande bygg; Varen, Bassenget, Forsamlingshuset og Rivillighetens hus ?

Vil det gå formykje ressusar til å kjøpe nytt bygg. Trinn 1 er lite risikofullt, trinn 2 er meir risikofullt, men likevel realistisk.
Korleis får ein mest mogleg kyrkje for pengane?

Vedtak: Det blir utsett til neste møte å gjere vedtak i saka.

FR sak 38/2025 Orienteringar

Forslag til vedtak: Sakene blir tatt til orientering

- a. Personalsituasjonen
- b. Utebelysning av kyrkjene blir lagt inn i budsjettet for 2026
- c. Justering av utleigesatsar for Grødem kyrkje – hovudetasjen frå kr 5000 til Kr 6500 for at det skal bli likt utleigeprisen på Randaberg kyrkje og kyrkjestova.
- d. Neste FR-møte er tysdag 21/10, kan det flyttast til **onsdag 29/10**

Vedtak:

FR sak 39/2025 Eventuelt - Ingen saker til eventuelt